Jakter på det siste bilete

Fotograf Per Eide fekk i haust oppdraget med å utsmykke Ingebrigt Davikhuset. Fleire gonger har han vore under havet ved Ulla for å fange dei rette bileta. No manglar han berre det siste motivet, før oppdraget er ferdig.

Dykkarar på havbotnen ved Ulla. (Foto: Per Eide)

Klar sikt

Det siste motivet skal vere tre bilete som skal settast saman til eit panoramabilete av anemoner ved Hundegjøtta. Fredag før påske forsøkte han på nytt, men igjen var været for dårleg.

– Bølgjer og straum gjer vatnet grumsete og uklart, og for å ta bilete av den raude veggen under vatn, er eg avhengig av god sikt. Så det blir ikkje noko bilete i dag heller, seier Eide.

Dei tre motiva frå Ulla er kjøpt inn av Ingebrigt Davik-huset og skal henge på veggane i dei flotte lokala.

Reklamefilm

Turen var ikkje heilt fånyttes, Eide skulle også ta nokre «videosnuttar» som skal brukast i ein reklamefilm om Sunnmøre. I Kjøvesundet utanfor Ulla var forholda rolegare, der kunne han arbeide saman med sonen Alexander (23) som var modell og medhjelpar. Andreas Ulla er kaptein og styrer jet-båten trygt mellom skjær og bratte fjellsider.

– Då er det klart for ein tur på kontoret, seier Eide med eit stramt smil under den tronge tørrdrakta.

Han sit på båtripa og peikar på havet (kontoret), bikkar beina opp og går i vatnet med eit plask. Slik byrjar arbeidsdagen for ein kjent fotograf.

Bakgrunn

Det blir sagt om Per Eide (52) at han er ein av Noreg sine mest allsidige fotografar. Han er også ein av dei aller beste. Sidan han starta på karrieren sin, har han fått utallige prisar, hatt mange prestige-fulle oppdrag, og levd av interessa si.

I 1981 bygde han seg studio i Ulsteinvik, der han hadde base fram til 1993. Det neste tiåret brukte han mykje tid på å reise ut av landet på ulike oppdrag for til dømes dykke magasiner. Etter ein periode med mykje studiofotografering fekk han på den måten eit avbrekk som frilansar. I dag er han tilbake igjen der han byrja, men med ein heilt annan ballast.

Heider

I år fekk han den høgaste utmerkinga frå Norges Fotografiforbund. Berre sju fotografer har fått denne prisen tidlegare. «Gullmedalje med krans» fekk han på grunn av alle dei gode plasseringane i konkurransar både nasjonalt og internasjonalt. Sterkast posisjon har han hatt med sine undervassfoto.

Undervassfoto

Då Eide var åtte år gamal fekk faren jobb i FN og familien reiste til Egypt. Der fekk han sitt første møte med dykking, og utvikla interessa ved å ta bilete i Raudehavet. Han var aldri i tvil om kva han skulle bli.

På ungdomsskulen vann han sin første konkurranse i bladet «Fotografi». Seinare venta ein sommarjobb som pressefotograf i Sunnmørsposten, før han som 20 åring reiste til London og gjekk fotoskule.

Beste området

For fotografen Per Eide byr motiva i havet på noko heilt spesielt. Om ein skal ta undervassfoto er det bokstavleg talt eit hav av moglegheiter i vårt område.

– Kystområdet frå Stat til Kristiansund er heilt fantastisk. Det er det beste området for undervassfoto i Nord-Europa. Ein har veldig variasjon i kløfter, revner, og kampesteinar for å nemne noko. Og her ute i havgapet ved Ulla kan ein finne enorme tareskogar, pinakler, anemoner og dødmannshender i flotte farger, fortel Eide.

Handverk

I dag arbeider Eide berre med digitale bilete. Det å ta eit bilete er som når ein malar lagar ei skisse, det er først når han lastar inn bilete i Photoshop at det

verkelege arbeidet kan byrje. Eit program med store moglegheiter, og eit verktøy ein må kunne om ein skal arbeide med grafikk. Denne kunnskapen kan han også ta seg godt betalt for. Prisen Eide tar for ein time med finpuss av til dømes eit portrettbilete i Photoshop kostar 800 kroner, men då kan han også gjere underverk. Som å gi deg krittkvite tenner, solbrun og rynkefri hud, fjerne eit par kilo og eit glimt i augne du aldri før har hatt.

Etterbehandling

– Eg brukar minst dobbelt så lang tid på å etterbehandle bileta enn å fange eit motiv, seier Eide.

Noko av det han brukar tid på er å forsterke synsinntrykka.

– Å sjå bileta gjennom hjernen eller eit kamera er to forskjellige ting. Når ein er til stades og opplever noko gjennom augene har vi fleire sansar som tolkar inntrykket. Vi lukter og høyrer i tillegg til at vi ser. Dei inntrykka kan vi ikkje få fram i eit bilete difor tar eg igjen det tapte ved å forsterke effektane i bileta. Som å lage himmelen mørkare på ein grå og trist dag, seier Eide.

Tips

– Har du nokre tips til hobbyfotografar?

– I dag finst det heilt andre moglegheiter enn før. Den digitale kvardagen gjer ting mykje enklare, og folk på mine kurs har hatt ei svært bratt lærekurve. Det beste tipset eg kan gi er at ein må kjenne sitt utstyr, les bruksanvisinga, og gå nærmare objektet du skal ta bilete av.

Og som ein god nummer to, kan Haramsnytt opplyse at Per Eide skal ha ein workshop til hausten. Dette skal skje i eit samarbeid med Ulla Havsportsenter.

Willy Haram

I haust fekk Per Eide oppdraget med å utsmykke Ingebrigt Davik-huset, men oppdraget har dratt ut i tid, mykje skal stemme. Slik som vær og vind, og ikkje minst lyset.